

TRE FJORDAR


LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET OSLO
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

NR. 5

2010

ÅRGANG 25

NORDFJORDHYTTA 50 ÅR



Fantastisk utsikt fra Nordfjordhytta i 50 år

50-års jubileum på Nordfjordhytta
Laurdag 11. september kl. 13.00

Påmelding innan 6. september

Meir informasjon om jubilet inne i avisa

God haust i vente...

Sommaren vart 'så dår' i år, som visst svensken seier, ikkje av dei verste og våtaste, men heller ikkje strålande. Litt fin seinsommar no, og så kan me gå rakt inn i den fargerike og klåre hausten...

Leikarringen har dansa og reist ein god del i sommar, fyrst på Bygdøystemna på Norsk folkemuseum søndag 6. juni, og så på midtsommartur til Boda i Dalarna, sjå reportasjar frå begge plassar annan stad i bladet. Dei starta opp att danseøvingane no 24. august. Og så har ringen fått seg nye fine nettsider, sjå inn på dei.

Ikkje alt har vore like sutalaust i sommar; då dei reiv delar av golvet på Pustut, Sunnfjordhytta, vart det avdekt store roteskader både i golvbjelkar og svillstokkar. Det medfører mykje meir arbeid enn tenkt, men no er nemnda som driv prosjektet og dugnadsgjengen i gang (sjå lenger bak i bladet). Me kan likevel ikkje seia når arbeidet vil bli ferdig, så smalahoveetinga må me få koma attende til.

Nordfjordhytta 50 år

Nordfjordhytta står det betre til med; ho fyller 50 år i fin form og feirar helga 11.–12. september, då er både gamle kjentfolk oppå hytta og ferskingar velkomne til flott feiring med rjømegraut og spekemat og historikk og anna godt program frå midt på dag den laurdagen, les nærare omtale i bladet.

Klubbefesten

laurdag 6. november, den 82., er også i sikte, og hovudinnslaget er i boks; me får 'servert' ei eiga utgåve av programmet "Språkteigen" – 'live', med språkrådsdirektør *Sylfest Lomheim* og programleiar *Gøril Grov Sørdal* i samtale om ord og uttrykk det kan vera moro å læra litt meir om. Og sjølvsagt skal hovudretten klubb, raspeball, raspekake, kumle eller auka bli servert rykande varm ved festpynta langbord. Ta berre til å gle dykk, godtfolk!

Me håpar så mange som råd har lyst og høve til å bli med på nokre av tilskipingane våre, det brukar vera triveleg. Fylg med på nettsidene til laget.

Alv Reidar Dale

Lagsleiar

Nordfjordhytta

- 50-års jubileum på Nordfjordhytta

Når det er fest på Nordfjordhytta, enten det er kransefest eller jubileumsfest, skal det vere rømmegraut. Slik blir det denne gongen også. Jubileumsmåltidet blir servert **laurdag 11. september kl. 13.00**. Seinare vert det, også i tråd med tradisjonen, kaffi og kaker. Mellom måltida vert det hesteskokonkurranse, ein aktivitet som også har lang tradisjon på hytta.

Under bordsetet håper vi på å få ein av dei som var med å bygge hytta til å fortelje litt frå byggeperioden, og litt om aktiviteten på hytta dei første åra.

Påmelding innan 6.9 til:

Astrid Gjørven: 22183295 (heime), 98681829 (mobil), epost:

astrid.gjorven@vikenfiber.no

eller Åge Sunde: 67153635 (heime), 48204636 (mobil)

Betaling: Kr. 100 som vert samla inn på hytta

Har du kontakt med nokon som var aktiv på hytta i ein periode, men som ikkje lenger er medlem i laget, er det fint om du formidlar denne invitasjonen.

For dei som blir over til søndag: Ta med sovepose og frukostmat (og ein 50-lapp for overnatting)

Vel møtt på hytta

Helsing jubileumskomiteén

Astrid Gjørven, Anny Sollid, Åge Sunde, Asmund Hage og Dagfinn Aa

Vellukka rekeparty på Nordfjordhytta

Vellukka rekeparty på Nordfjordhytta 29.-30. mai med masse god mat, drikke og drøs.



Rundt bordet frå venstre: Marta Reksten, Astrid Gjørven, Ingeborg Fagnastøl, Randi Solheim, Olav Kvam og Anne-Lise Berggren.

Fotograf: Dagfinn Aa

Ombygginga på Pustut

På Pustut har det ikkje skjedd så mykje i sommar, men vi er no i gang att. Der det nye kjøkenet skal vere viste det seg at golvet, golvbjelkane og veggstokkar var svært rotne. Heile golvet måtte difor fjernast og det har stått til tørking i sommar.

Vi har greidd ut om korleis vi kan få minst mogeleg fukt i kjellaren og korleis reparere rotne stokker i veggene.

Men nå er vi i gang og håper å få ferdig gulvet i løpet av september.

Dei følgjande bileta er henta frå laget si heimeside, der det er mykje meir å sjå og lese om utbygginga (<http://www.sognogfjordanelaget.no>).

Hilmar Nummedal



Frå dugnaden 13. juni, då golvet vart rive opp. I støvet skimtast Birger Underdal.

Eit nedslåande syn openberra seg. Borda var delvis råtne og det var også bjelkane.



Her er golvet rive opp. Biletet viser nordveggen sett innanifrå. Kjøkenbenken stod langs vegg under vindaugget. Gavlvegg til høgre og skiljevegg mot stova til venstre.

Bl.a. nedste stokken i vindaugsveggen er roten under og inst, medan den på utsida ser den fin ut. Her er det absolutt trong for fagfolk.

Etter å fortald om det nedslåande må vi få nemne at dugnadsgjengen har gjort meir enn å rive. Nye materialar er alt komne på plass, slik dei to følgjande bileta syner.



Tunge tak av Andor Gjelsvik og Arnold Haukereid.




Plankegutta; Jostein Bareksten og Agnar Hegrenesl.

Ein stor kjele med Hilmar Nummedals dagnadsuppe vart fortært med kaffi og godsaker etterpå. Sauene rømde ut i det fri, men Andor fanga dei inn att.

KULTURKVELD:

Den nynorske songskatten



Onsdag 8. september kl. 19.00
Bygdelagssamskipnaden (BLS),
Nordahl Bruns gate 22

Terje Aarset frå Høgskulen i Volda kåserer,
og Ingvild Bryn frå NRK spelar piano.



Allsong, boksal, kaffi og kaker.
Gratis inngang.

Velkomen!

*Fylkesmållaget Vikværingen, Oslo Mållag og
målnemnda i BUL Oslo.*



Sogn og Fjordaneringen - hausten 2010

Første øvinga var 24. august. Det er kvar tysdag i Storsalen temaøving kl. 18.00 - 19.30 og vanlege øvingar kl. 19.30 – 22.00.

Temaøvingane:

August	September	Oktober	November	Desember
24. Start øvingar Oppfrisking av tango 31. Ungdom har ansvar?	7. Polskor 14. Stildans 21. Songdans 28. Ungdom har ansvar	5. Repetisjon frå Klekkenkurset 12. Stildans 19. Del av vestlandsspringarkurs 26. Ungdom har ansvar	2. Banddans 9. Stildans 16. Polskor 23. Songdans 30. Ungdom har ansvar	7. Årsmøte 14. Juleavslutning

Det vert **kurshelg på Klekken 25.-26. sept.** Dessutan **kurs i Vestlandsspringar** "heile" laurdag **16. okt**, med påfølgjande øving søndag **17.okt** og tysdag **19. okt.** frå 18-19:30

Folkedansnemda skal til hausten innføre grunnopplæring i dei vanlegaste dansane kvar søndag frå 18:00 til 19.30 (i tillegg til dei vanlige minikursa). Dette må leikarringane hjelpe til med å gjennomføre ved å stille instruktørar. Sogn og Fjordaneringen får truleg ansvaret for 4 slike opplæringsøkter. Dette er eit ledd i forsøket på å rekruttere nye personer til dansemiljøet vårt. Dette vil sei at vi er mange som må engasjere oss på søndagane til hausten. Det blir trivelig! I tillegg arbeider vi med å få ei søkbar oppdatert heimeside, og håper den er klar før/i sommar.

Helsing styret

Folkedanskveld / Søndagsdans

Nær alle søndagar (i perioden september - mai) frå 19.30 - 22.45 er det søndagsdans i Nordahl Bruns gate 22 i Oslo.

I Storsalen er det god dansemusikk der spelmannslag/grupper spelar gammaldans/pols og turdans. Songdans får du som regel høve til å danse i musikerpausen.

I Halli er det mange gonger minikurs i ulike dansar.

Inngang søndagsdans:

Medlemmer kr 80,- / ikkje-medlemmer kr 120,-

Inngang minikurs:

Medlemmer og ikkje-medlemmer kr. 100,- (inkluderer påfølgjande søndagsdans)

Sal av kaffi/te og vaflar. Alkoholritt miljø!

Velkommen til søndagsdans i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo!

... "usikker på golvet" ? - då kan du vurdere deltaking på eit [DANSEKURS](#) ?

Før søndagsdansen vil det dei første søndagane bli halde **innføringskurs i vals, reinlender og polka** (i tidsrommet kl. 18.00 - 19.30)

Dato	Storsalen 19.30 - 22.45	Halli (minikurs) 18.00 - 19.30	Arrangør/ansvar
05. sep	Bærum spellemannslag	Bingsjö-polska	Sogn og Fjordaneringen
12. sep	Stengård & Rusten (b)	Vågåspringleik	Rundsnuen Danselag
19. sep	Svenkerud / Rusten / Nesje	Hallingspr (H-laget)	Numedalslaget
26. sep	Spelmannslaget De frilynde (a)(b)	Stildans	Folkedanslagt Symra

03. okt	Fanteladdane (a)(b)	Finnskogpols	Hordaringen i Oslo
10. okt	Østerdølenes spellmannslag (a)	Rørospols	Rundsnuen Danselag
17. okt	Tonje & Stein Magne (a)(b)	Øving (del av 3-dg kurs): Vestlandsspringar	Sogn og Fjordaneriingen
24. okt	Steinsgårdskroken	Menuett frå Orovais	Folkedanslagt Symra
31. okt	Bærum spellemannslag		Valdreslaget i Oslo
07. nov	Farande Fant	Stildans	Folkedanslaget Symra
14. nov	Tonje & Stein Magne (a)(b)	Boda-polska	Sogn og Fjordaneringen
21. nov	Østerdølenes spellmannslag (a)	Vestlandsspringar	Hordaringen i Oslo
28. nov	Best før ... (a)		Hallinglaget i Oslo
05. des	Sofienberg spellemannslag (a)(b)	Finnskogpols	Rundsnuen Danselag
12. des	Mumriken		-- ??

(a) Finnskogpols i løpet av kvelden

(b) Springleik-kule i løpet av kvelden

Sjå elles www.bls.no.

Bygdelagsstemnet

søndag 6. juni på Norsk folkemuseum på Bygdøy

Denne første junisøndagen i år, med mykje sol og varme, vart det årvisse stemnet halde på Bygdøy. Det var program på Festplassen og deretter dansa ulike ringar kring om i dei ulike tuna. Kvelden vart avslutta med dans på Festplassen, til muskk av Østerdølenes spellemannslag



Jon Låte, leiar i Bygdelagssamskipnaden, ønskte velkomen til stemnet etter at ein hadde gått i tog frå Torget til Festplassen. Folk kosa seg i finveret, og etterpå var det pause med piknik og kva elles folk fann på.



Born frå Bygdelagssamkipnaden og Bondeungdomslaget dominerte programmet på scena på Festplassen, med både folkedans og teater. Frå barneleikarringane var det med både små og store barn, og her er det nokre av dei største som dansar.

BLS BYGDELAGS-
SAMSKIPNADEN
FYLKESLAG I NOREGS UNGDOMSLAG



Sogn og Fjordaneringen stilte sterkt i år også. Med seg hadde dei Solvor Sundsbø på fele.

Her ser vi ringen danse i Setesdalstunet ut på ettermiddagen, og dei er i gang med *Feiar frå Vestlandet*. Dansen gjekk leikande lett - med godt driv - og humøret var på topp.

Fremst ser vi f.v. Ingeborg Fagnastøl, Dagfinn Aa, Svein Åsen og Marit Haug Loen.





Her er det framleis Feiar frå Vestlandet.



Dei imponerte også med songdansen; her med *Vesle lerka*. Alle bileta er tekne av Alv Reidar Dale.

Ringens tur til Boda i Sverige

Avreise fra Sentralstasjonen om morgenen fredag 25. juni med innleid buss og Hogne som sjåfør. Innlosjering i Rättvik, helt nede ved sjøen Siljan. I Boda var vi med på reising av majstången og deretter dans på låven til Boda spelmannslag. Det var blanding av både polskor og for oss mer tradisjonell gammeldans. Lørdag var det tur Carl Larssongården med omvisning i hans bolig der mange av hans malerier var utstilt. Deretter var det omvisning i Falum kobbergruver, før middag og ny dans på Boda gammelgård. Søndag var det retur etter en meget vellykket tur arrangert av Bo Carlin.



Majstangreising.



Del av Boda spelmannslag på Boda gammelgård.




Noen turdeltagere ved bordsete.

Anne-Lise Berggren



Noen turdeltagere som ser på majstangreisingen.



Fantastisk utsikt fra Nordfjordhytta i 50 år

PROGRAM FOR HAUSTEN 2010

Tilskippingane vert i Storsalen og Halli mm. i Nordahl Brunsgt. 22, dersom ikkje anna er sagt. Vi tek atterhald om endringar.

Kvar tysdag Kl. 19.30 – 22 vanleg folkedansøving i Storsalen.
Første gong 24/8.

Helga 11-12/9 50 års-jubileum på Nordfjordhytta

Helga 25-26/9 Kurs på Klekken. Ringen.

Helga 16-17/10 Kurs i vestlandsspringar. Ringen.

Helga 23-24/10 Smalahoveeting

Laurdag 6/11 Klubbefest

Tysdag 7/12 Årsmøte i ringen

Tysdag 14/12 Juleavslutting i ringen

Lagsavisa – fristar mm.

Frist for stoff til dei neste avisene er 28/9, 18/10 og 30/11. Utsendingane vert om lag ei veke etterpå. Tidspunkt kan verte endra. Nemnda er takksam for stoff til bladet. Så langt råd er ønskjer vi det sendt som e-post til agnar.kvellestad@nvh.no. Alternativt som brev til Agnar Kvellestad, Olaf Bulls vei 14C, 0765 Oslo. Kontakt oss på tlf. for avtale av andre leveringsmåtar. Vi ønskjer også bilete; helst digitale, men tek gjerne og farge- eller svart-kvitt-papirkopiar. Spørsmål rettast til Agnar Kvellestad (tlf.nr. på baksida), Ragnvald Halset eller Kristin Vasbø.

A

Sender: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO
Nordahl Brunsgate 22
0165 Oslo

Styret	Tlf. heime	Tlf. jobb
Leiar: Alv Reidar Dale, a.r.e.dale@admin.uio.no	47331864	22856348
Nestleiar: Anny Sollid, anny.sollid@online.no	22613888	
Kasserar: Hilmar Nummedal, hilmar@getmail.no	22689278	92067263
Hyttestyret		
Leiar: Agnar Hegrenes (Agnar.Hegrenes@nilf.no)	22193089	22367256 92 49 64 38
Kontakt Sunnfjordhytta: Andor Gjelsvik, andorgi@frisurf.no	21920205	24145140 91551058
Kontakt Nordfjordhytta: Dagfinn Aa, Daa@ssb.no	67906134	21094802
Oddvar Bjordal, odingbjo@online.no	67800496	99591414
Presse- og PR-nemnda		
Leiar: Agnar Kvellestad, agnar.kvellestad@veths.no	22494596	22964624
Styret i Sogn og Fjordaneringen		
Leiar: Anne-Lise Berggren, alb@geofrost.no	67141195	67147350 95292930
